



AURLAND KOMMUNE

Teknisk

11.09.2019


## Aurland trafikk og parkering

*Parkeringsstrategi, organisasjonsform, forskrift og mynde, forankring og budsjett*

Sentralt styringsdokument

Prosjektnummer: <>

Saksnummer: 19/423



<b>Behandla dato:</b> 16.09.2019	<b>Behandla av:</b> Reinhardt Sørensen	<b>Utarbeidd av:</b> Jan Olav Å. Møller
-------------------------------------	---	--

**Vedtak:**

Gjennomføring av leveranseprosjekt «Aurland trafikk og parkering», prosjektmandat vedteke av kommunestyret 25.04.2019.

**Bemanning av neste fase**

Prosjektleder: Jan Olav Å. Møller  
 Prosjektleder Reinhardt Sørensen  
 Senioringeniør Steve Elgåen  
 Ingeniør Henning Elgåen

Prosjektgruppe for prosjektet.

Prosjektstyre: Formannskapet

Andre:

Plansjef Ingunn B. Skjerdal  
 Rådmann Steinar Sjøgaard  
 Uteseksjon Teknisk

Eksterne:

Asplan Viak AS

**Neste fase ferdig:**

Mai 2021.

**Signatur ved godkjenning (prosjektleder)**

**Arkivering og distribusjon**

- Distribusjon ved digital arkivering på «Intern sky» og i focus websak som scanna signert versjon.
- Sentralt styringsdokument inkludert revisjonar av denne skal godkjennast og signerast av prosjektleder. Vedtekne reviderte utkast skal lagrast og distribuerast som nemnt i kulepunkt 1.

**Distribusjonsliste**

Navn	Initialer	Prosjektrolle (funksjon)	Org. enhet
Jan Olav Å. Møller	JOM	Prosjektleder	Teknisk
Reinhardt Sørensen	RES	Prosjektleder sin representant	Teknisk
Steinar Sjøgaard	SS	Prosjektleder	Rådmannskontor
Prosjektgruppe		Prosjektgruppe	Politisk
Formannskapet		Prosjektstyre	Politisk

**Revisjonslogg for Sentralt styringsdokument**

Tabell 1.1 gjer greie for revisjonar gjort i sentralt styringsdokument (prosjektstyringsplan) som følgje av endringar i prosjektet.

**Tabell 1.1: Revisjonslogg for PSP**

Revisjons - Nr.	Endring	Godkjent av prosjektleder/dato	Godkjent av prosjektleder/dato
1	Oppdatering etter styringsgruppemøte	13.09.2019	16.09.2019

2	Oppdatering – møtedatoar for KS, milepælar		27.09.2019		27.09.2019
3	Justering av framdriftsplan		08.12.2019		08.12.2019
4	Justering av framdriftsplan, presiseringar		27.05.2020		27.05.2020
5	Oppdatering av milepæler, delprosjekt, organisering og framdriftsplan		03.09.2021		03.2021

## 1. Innhald

1. Innhald .....	3
2. Overordna rammer .....	4
2.1. Samfunnsmål .....	4
2.2. Effektmål .....	4
2.3. Resultatmål .....	4
2.4. Kritiske suksessfaktorer .....	4
2.5. Rammer og føringar .....	4
3. Gjennomføringsstrategi .....	7
3.1. Organisering- og bemanningsstrategi .....	7
3.2. Kommunikasjonsstrategi .....	7
3.3. Fagressursar – møter/synfaringar og referat .....	7
3.4. Intern samarbeidsgruppe.....	8
4. Styringsbasis .....	8
4.1. Arbeidsomfang og endringsstyring.....	8
4.2. Budsjett .....	8
4.3. Framdriftsplan .....	9
5. Vedlegg.....	11

## 2. Overordna rammer

### 2.1. Samfunns mål

Attraktivitet, tilgjengelegheit, transportval, trafikktryggleik, miljø og folkehelse.

### 2.2. Effektmål

Det er mål om å redusere personbilbaserte arbeidsreiser i kommunen, redusere parkeringsbehovet og finne ein optimal balanse mellom ulike transportløyningar før etablering av nye parkeringsløyningar.

Legge til rette for at bygdeseintruma skal vera attraktive og aktive område for handel, rekreasjon og opphald, både for fastbuande og tilreisande gjester.

Ved å sentralisera parkeringa i sentrum, vil det vera mogleg å få ei meir effektiv arealutnytting, og ein kan forsvare å investere i større parkeringsstruktur. Dette vil frigje areal i sentrum til andre føremål.

### 2.3. Resultatmål

Prosjektet har som mål å sikre ein organisering tilpassa parkering som strategisk og styringsmessig verktøy for å ivareta ein framtidretta og heilskapleg parkeringspolitikk.

Målet med prosjektet er å skaffe grunnlag for:

- Innføring av parkeringsregulering
- Organisasjonsform
- Forskrift
- Mynde
- Forankring av tiltak i arealplanar
- Trafikktryggingsplan
- Skiltplanar
- Parkeringsnorm

### 2.4. Kritiske suksessfaktorer

1. God framdrift og høg prioritering av prosjektet i organisasjonen
2. Tett samarbeid mellom teknisk eining v/prosjekteigar/prosjektleiari, prosjektgruppe og prosjektstyre
3. God dialog med næringslivet og innbyggjarar

### 2.5. Rammer og føringar

Kommunestyret handsama rapport med innstilling frå sakskomite for trafikk- og parkeringsløyningar i Aurland kommune i møte 25.04.2019. Rapporten «Trafikk- og parkeringsløyningar i Aurland kommune» er dagsett 10.04.2019.

KS-028/19 Vedtak:

1. Føringar i vedlagt dokument blir lagt til grunn i det vidare arbeidet.
2. Aurland kommune opprettar prosjekt «Aurland trafikk og parkering» som omtalt i prosjektmandatet i vedlagt dokument.
3. Styringsgruppa for prosjektet vert samansett slik:

Leiar ( prosjektansvarleg)Leiv Jarle Bergheim. Vara Stian Eriksen Bjørnstad  
Nestleiar Monica Finden. Vara Bjarne Petterson  
Medlem Bengt Erlend Skjerdal. Vara Marianne Holme  
Medlem Monica Gjesdal Larsen. Vara Anders Fretheim  
Medlem Terje Horvei . Vara Per Are Flåm  
Rådmannen peikar ut to representantar frå administrasjonen som medlemmar i styringsgruppa.

4. Prosjektet blir finansiert av konsesjonsavgiftsfondet jfr. pkt. 7 i reglar for bruk av konsesjonsavgiftsfondet, ansvar 900, funksjon 32510 med kr. 400.000 for 2019 og kr. 700 000 for 2020.

5. Behovet for investeringar blir vurdert i samband med handsaminga av økonomiplan 2020 – 2023.

Prosjektmandatet jf pkt 2 i vedtaket er følgjande:

Det vert oppretta prosjekt «Aurland trafikk og parkering» med følgande mandat:

1. Utarbeide søknad og søke om mynde til å handheve «Forskrift om offentlig parkeringsgebyr» (Ulovleg parkering). Dette arbeidet inneber blant anna å få utdanna/kurse/tilsetje bemanning som er kvalifisert til å handheve forskrifta.
2. Utarbeide søknad og søke om mynde til å handheve «Forskrift om vilkårsparkeing» (Tidsbasert-, betalings- og andre vilkårsbasert parkeringsformer) Dette arbeidet inneber blant anna å få utdanna/kurse/tilsetje bemanning som er kvalifisert til å handheve forskrifta.
3. Revidere/lage skiltplanar og trafikktryggleiksplan for Flåm, Gudvangen og Aurlandsvangen. Dette arbeidet inneber blant anna å legge inn alle skilt i statens vegvesen sin database og sikre at alle skilt har eit skiltvedtak.
4. Utarbeide organisasjonsform for handheving av vilkårsparkeing Dette arbeidet inneber blant anna å utarbeide bom-system for parkeringsanlegg, klagebehandlingsorgan og korleis bemanning skal være organisert.
5. Prosjektet skal følge opp og koordinera føringane i dette dokument. Det vert lagt opp til at prosjektet har ei varigheit på inntil 1,5 år.  
Prosjektet skal fylgja PLP-metoden\*, med prosjektansvarleg i form av styringsgruppe med leiar, utpeikt av kommunestyret.
6. Prosjektet blir finansiert av konsesjonsavgiftsfondet jf. Pkt. 7 i reglar for bruk av konsesjonsavgiftsfondet, ansvar 900, funksjon 32510 med kr. 400.000 for 2019 og kr. 700 000 for 2020.

Plan- og bygningsloven I arealplanar etter lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven), går det fram mellom anna kva areal som er sett av til parkering eller som lovleg kan nyttast til parkering, jfr. plan- og bygningsloven § 11-7 nr. 2 og § 11-9 nr. 5 for kommuneplanens arealdel og § 12-5 nr. 2 og § 12-7 nr. 7 for reguleringsplan. Etter lovforslaget, dannar arealplanar etter plan- og bygningsloven utgangspunktet for kva areal som kan vere del av kommunale vedtak om betalingsparkering.

Vegtrafikkloven og parkeringsforskrifta

Med heimel i § 8 i vegtrafikkloven 18. juni 1965 nr. 4 er det i forskrift 1. oktober 1993 om offentlig parkeringsregulering og parkeringsavgift (parkeringsforskrifta) gitt reglar om kommunen sin moglegheit til å innføre avgiftsparkering på nærare bestemte stader. Kommunen har etter forskrifta ikkje moglegheit til å innføre avgiftsparkering på privat grunn utan samtykke frå eigar av vegen. Kommunal avgiftsparkering på riksveg eller fylkesveg krev samtykke frå regionvegkontoret.

Parkeringsforskrifta

Parkeringsareal som blir nytta til vilkårsparkeing skal forvaltast etter "Forskrift om vilkårsparkeing for allmennheten og handheving av private parkeringsreguleringer (parkeringsforskriften)". Jamfør med §2a i forskrifta er vilkårsparkeing definert som:

«Vilkårsparkering: parkering mot betaling, med tidsavgrensing, med eller utan dokumentasjonsplikt, på oppstillingsvilkår, med krav om parkeringstillatelse for forflytningshemmede eller på andre vilkår.»

Forskrifta set krav til organisasjonsform, tilsette, skilting, betaling, gebyr for brot på parkeringsvilkår, klageorgan, universalutforming, ladepunkt, m.m. Dette inneber at kommunen må legge til rette både fysisk og administrativt før ein har moglegheit til å kunne krevje inn parkeringsgebyr.

Forskrift om offentlig parkeringsgebyr

Bøtelegging av parkering som er i strid med trafikkreglane skal handterast etter «Forskrift om offentlig parkeringsgebyr». Kommunen har moglegheit til å søke om mynde til å påleggje gebyr (jf. §2 og §3). Personell skal ha tilfredstillande opplæring.

Sentrale dokument:

- Kommuneplan for Aurland av 2009.
- Økonomiplan og budsjett
- Kommunedelplan for trafikktrygging
- Gjeldande reguleringsplanar


Interne krav:

- Prosjektbestillinga frå kommunestyret av 25.04.2019.
- Prosjektbestilling frå prosjekteigar
- Sentralt styringsdokument (dette dokumentet).
- Intern kvalitetssystem Teknisk eining.

Eit sentralt krav i prosjektbestilling frå prosjekteigar går på at dei driftsmessige konsekvensane av organisasjonsform må utgreiast.

### 3. Gjennomføringsstrategi

#### 3.1. Organisering- og bemanningsstrategi



#### 3.2. Kommunikasjonsstrategi

- Ekstern informasjon skal skje i samsvar kommunen sine interne regler.
- Prosjekteigar skal kontaktast før ekstern kontakt, inklusive media. Dette gjeld og ved utsending av interne prosjektdokument samt anna kontakt der prosjektleder representerer prosjekteigar. Prosjekteigar og leder for prosjektgruppe koordinerer informasjon via media.
- Heimesida til kommunen skal nyttast.
- Kopi av utgåande korrespondanse skal sendast prosjekteigar.

#### 3.3. Fagressursar - møter/synfaringar og referat

- Fagressursane må delta på møter og synfaringar ved behov (etter kva tema som skal takast opp). Fagressursar skal alltid rapportere om kva som blir avtalt og konkludert med til prosjektleder.
- Prosjektleder arrangerer møte, sørger for at det vert skriva referat og sender referat til heile styringsgruppa (også dei som ikkje har delteke på møtet), evt. andre som har delteke på møtet og til prosjekteigar.
- Leder for prosjektgruppa deltek på vegne av gruppa fortløpande i møter med eksterne aktørar i prosjektet.
- Referata skal innehalde punkt til oppfølging og vere tydelege på fristar og ansvar for gjennomføring.

### 3.4. Intern samarbeidsgruppe

- Intern samarbeidsgruppe(Teknisk eining + leiar for prosjektgruppa) skal møtast fortløpande ved behov.
- Prosjektleiar arrangerer møte, sørger for at det vert skriva referat og sender referat til heile samarbeidsgruppa (også dei som ikkje har delteke på møtet), ev. andre som har delteke på møtet og til prosjektgruppa.

## 4. Styringsbasis

### 4.1. Arbeidsomfang og endringsstyring

Arbeidsomfanget er forankra i kommunestyret sitt vedtak med prosjektmandat. Gjennom sentralt styringsdokument(dette dokumentet) er omfang og aktivitetsplan detaljert og er førande for vidare arbeid. Prosjektstyre tek avgjerd undervegs i høve omfang og eventuelle endringar av omfang. Sentralt styringsdokument vert revidert ved endringar. Eventuelle vesentlege endringar i høve bestillinga frå kommunestyret vert lagt fram for politisk avklaring undervegs. Der prosjekteigar/prosjektleiar ser det er naudsynt med tilleggsutgreiingar, skal dette leggast fram for prosjektgruppa og prosjektstyre for drøfting.

### 4.2. Budsjett

År	2019	2020
Kr (1000)	400	700

Prosjektet blir finansiert av konsesjonsavgiftsfondet jf. Pkt. 7 i reglar for bruk av konsesjonsavgiftsfondet, ansvar 900, funksjon 32510. Prosjektleiar sender over timeliste for politiske møter til politisk sekretær for overføring.

For 2021 er oppfølging av tiltak fastsett i vedteken parkeringstrategi forankara i investeringsbudsjettet med prosjektnr 20047 «Parkeringstiltak Aurland parkering».

**Tabell 4.2.1: Timebudsjett**

<b>Rolle og namn</b>	<b>Timar</b>
<i>Prosjektleiar m.m.</i>	350
<i>Fagressurs eigedom m.m.</i>	100
<i>Fagressurs drift</i>	100
<i>Prosjekteigar</i>	100
<i>Styringsgruppe(5 stk)</i>	300
<i>Fagressurs plan</i>	20
<b>Sum timar</b>	<b>970</b>



**Tabell 4.2.2: Totalbudsjett for prosjektet, inkludert alle kostnadsberarar.**

Skildring	Berekning	Sum
Kalkulatorisk lønn- internt	970 timar à kr. 600	582 000
Avsetning til juridisk bistand		50 000
Anna (møtelokale, servering, reise osv.)		15 000
Sikkerhetsmargin(10%)		64 700
<b>SUM(avrunda)</b>		<b>720 000</b>

#### 4.3. Framdriftsplan

Aktivitet	Oppgaver	Ansvarleg	Tidsfrist
<b>Taktisk fase</b> 1. Prosjektoppstart 2. Sentralt styringsdokument 3. Organisering av parkeringsregulering og parkeringsstrategi 4. Møter med næringsaktørar i grendene 5. Møter med andre kommunar	Avklaring av bestilling, gjennomgang av prosjektmandat, rapport av 10.04.2019.	Teknisk og prosjektgruppe	11. september 2019
	Utarbeide framdriftsplan (på bakgrunn av styringssignal i møte 11 september 2019)	Teknisk	11 september 2019
	Utarbeide budsjett	Teknisk	23. september 2019
	Utarbeide sentralt styringsdokument for arbeidet	Teknisk	23. september 2019
	Møter med næringsaktørar, andre kommunar som har etablert parkeringsregulering etc.	Teknisk og leiar i prosjektgruppe	September 2019 – januar 2020
	Oppstart – Utgreiing av organisasjonsform og parkeringsstrategi	Teknisk og prosjektgruppe	
	Koordinering av prosjektet opp mot pågåande planarbeid og tiltak	Teknisk og leiar i prosjektgruppe	
	Organisasjonsform og parkeringsstrategi – arbeid i prosjektgruppe	Teknisk og prosjektgruppe	Sommar 2020
	Løysingar for betalingsløysingar i grendene	Teknisk	August 2020

<b>Milepæl 1</b>	<b>Konklusjon i høve organisasjonsform og parkeringsstrategi for handheving av parkeringsregulering, vedtak i kommunestyre.</b>		<b>17.09.2020.</b>
<b>2. Operasjonell fase</b>  Realisering av parkeringsareal  Delprosjekt ladestasjonar  Delprosjekt parkeringsløyser og utstyr  Notat for internt kommunal handsaming  Rammeverk for oppstart av parkeringsordning  Rammeverk for drift av parkeringsordning  Søknad til vegdirektoratet for mynde til å handtere Forskrift om offentleg parkeringsgebyr	Oppfølging av tiltak og strategiar jf vedtak i kommunestyre 17.09.2020, samt parkeringsareal i gjeldande reguleringsplanar. Innarbeiding av tiltak i økonomiplan og budsjett. Planendingar, søknadar og prosjektgjennomføringar av parkeringsareal.	Teknisk	Oktober 2020 - 2021
	Plan for ladestasjonar på parkeringsareal, herunder samordne med Aurland Energiverk i høve kapasitet og behov for utbyggingar av nett.  Anbod – rammeavtale for ladestasjonar	Teknisk Prosjektleiari delprosjekt EI-bil lading: Ing Steve Elgåen	August 2021 – november 2021.
	Parkeringsløyser, utstyr.  Anbod – rammeavtale parkeringsløyser	Teknisk Prosjektleiari delprosjekt parkeringsløyser og utstyr: Ing Henning Elgåen	August 2021 – november 2021
	Oppstart av arbeidet med notat for internt kommunal handsaming, herunder prisar, kortsal, parkeringsløyser, inndeling i sonar, prioriterte område m.fl.	Teknisk og Asplan Viak.	August 2021
	Rammeverk klart oppstart og drift, herunder system, rutinar, malar, planar for opplæring.	Teknisk og Asplan Viak	Desember 2021
	Fastsetting av gebyr i budsjett 2022	Prosjektstyre(FS) Kommunestyre	Desember 2021
	Nye parkeringstiltak og areal forankra i budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025.	Prosjektstyre(FS) Kommunestyre	Desember 2021
	Mynde til handheving etter forskrift.	Teknisk	Desember 2021
	<b>Milepæl 2</b>	<b>Mynde, rammer og budsjett</b>	
3 Planendingar, skiltplanar, søknadar og tiltak	Klargjering og etablering av parkeringsløyser på parkeringsareal	Teknisk	Januar 2022 – våren 2022

	Utarbeide skiltplanar for parkeringsareala		
	Tilsetting og opplæring av parkeringsbetjenter	Teknisk	Januar 2022 – våren 2022
<b>Milepæl 3</b>	<b>Realisering av areal og løysingar forankra i planar og budsjett</b>		<b>Mai 2021</b>
7. Avslutning av prosjekt og oppstart av parkeringsbetaling.	Erfaringsoverføring til valt organisasjonsform. Oppstart av handheving og parkeringsgebyr	Teknisk	01.05.2021.
	Alle grunnlagsdata lagra	Teknisk	
	Sluttrapport frå prosjektet som leverast til kommunestyre	Teknisk og prosjektgruppe.	Mai 2021
Kommunedelplan for veg og trafikktrygging	Rullering av plan, innarbeiding av planar og tiltak for tilrettelegging for parkering, trafikktryggingstiltak og teknisk infrastruktur	Plan og Teknisk	Jf kommunal planstrategi.
Parkeringsnorm	Innarbeiding av parkeringsnorm i kommuneplan som følgjer opp parkeringsstrategi.	Plan og Teknisk	Jf planstrategi og planprogram for rullering av kommuneplan.

## 5. Vedlegg

- *Forprosjekt «Trafikk- og parkeringsløysingar i Aurland kommune» dagsett 10.04.2019.*
- *Parkeringsstrategi og organisasjonsform, vedteken 17.09.2020.*